



# Aukra kommune

<b>PLANOMTALE</b>	
Plannamn:	Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01
Plantype:	Detaljregulering
Planid:	1547202203
Saksnummer:	PLAN-22/00066
Datert:	09.01.2023
Revidert:	18.01.2023 (feil opplysninger om artar retta opp)
Vedtak:	

## **INNHALD**

<b>1 Innleiing</b> .....	<b>4</b>
1.1 Bakgrunn for planarbeidet	
1.2 Føremålet med planarbeidet	
1.3 Forslagsstillar	
<b>2 Tilhøvet til andre planer og retningslinjer</b> .....	<b>4-5</b>
2.1 Kommuneplanens arealdel 2016 – 2028	
2.2 Reguleringsplanar	
2.3 Lovverk styrande for planarbeidet	
2.4 Andre dokument av betydning for planarbeidet	
<b>3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve</b> .....	<b>5-17</b>
3.1 Lokalisering av planområdet	
3.2 Avgrensing og storleik	
3.3 Eigedomstilhøve innanfor planområdet	
3.4 Dagens arealbruk	
3.5 Naturverdiar etter naturmangfaldlova	
3.6 Friluftsliv	
3.7 Landbruk/jordbruk	
3.8 Forureining	
3.9 Kulturminne	
3.10 Barn og unge sine interesser	
3.11 Universell utforming	
3.12 Trafikktilhøve	
3.13 Kollektivtrafikk	
3.14 Grunntilhøve	
3.15 Risiko og sårbarheit	
<b>4 Omtale av planforslaget</b> .....	<b>18</b>
4.1 Planlagt arealbruk	
4.2 Reguleringsføremål	

## **5 Konsekvensar av planforslaget ..... 18-20**

5.1 Behov for eventuell konsekvensutgreiing (KU)

5.2 Naturverdiar etter naturmangfaldlova

5.3 Friluftsliv

5.4 Landbruk

5.5 Kulturminne

5.6 Universell utforming

5.7 Grunntilhøve

5.8 Teknisk infrastruktur

## **6 Planprosessen ..... 20-21**

6.1 Oversikt over planprosessen

6.2 Melding om oppstart

6.3 Fyrste gongs høyring og offentlege ettersyn

6.4 Andre gongs høyring og offentlege ettersyn

## **7 Vedlegg ..... 21**

7.1 Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)

7.2 Oppsummering og kommentar av merknader etter melding om oppstart

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for planarbeidet

I samband med skjøtselstiltak som er planlagt starta opp i Aukraskogen utover 2023, vurderte kommunen at den gjeldande tilkomstvegen som går gjennom området i dag ikkje er tilstrekkeleg dimensjonert for tilkomst og snuing av tunge køyretøy som til dømes tømmerbil. På bakgrunn av dette bestemte kommunen at det var naudsynt å gjere ei endring av den gjeldande reguleringsplanen for Aukraskogen for å kunne leggje til rette for oppgradering av denne vegen, og samstundes gjere andre tilpassingar som kommunen såg på som naudsynte.

Planforslaget er utarbeidd som ei detaljregulering med melding om oppstart og utlegging til høyring og offentleg ettersyn i minimum seks veker etter krava i plan- og bygningslova kapittel 12.

## 1.2 Føremålet med planarbeidet

*Føremålet med planarbeidet er å:*

- Leggje til rette for opprusting av eksisterande tilkomstveg gjennom planområdet med større breidde og moglegheit for snuing av tyngre køyretøy.
- Regulere inn omsynssone på to automatisk freda kulturminne.
- Regulere inn omsynssone på eit krigsminne.
- Regulere inn omsynssone for natur- og kulturhistoriske verdiar
- Regulere inn eksisterande gapahuk.
- Vidareføre eksisterande turstiar.
- Oppdaterte arealføremåla frå eldre plan- og bygningslov (PBL 85) til ny plan- og bygningslov (PBL 2008).
- Bevare og regulere skjøtsel av Aukraskogen som eit kulturminne av regional verdi.

## 1.3 Forslagsstillar

Aukra kommune ved Eining for tekniske tenester er tiltakshavar og ansvarleg for utarbeiding av planforslaget fram til endeleg vedtak i kommunestyret.

# 2 Tilhøvet til andre planer og retningsliner

## 2.1 Kommuneplanens arealdel 2016 – 2028

I kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2028 er planområdet vist som detaljeringssone – reguleringsplan skal fortsatt gjelde (910).

## 2.2 Reguleringsplanar

*Det er ein gjeldande reguleringsplan innanfor planområdet:*

- Reguleringsplan Aukraskogen, vedteken av kommunestyret i møte den 28.11.2007, sak 122/7 – planid 1547200714. Det nye planforslaget skal erstatte gjeldande reguleringsplan for Aukraskogen i si heilheit med fylgjande unntak: eit område på om lag 3.2 dekar regulert til «offentleg friområde» skal fortsatt gjelde. Grunnen til

dette er at dette området ikkje er mogleg å inkludere i det nye planforslaget då reguleringsplan for Kjerringsundet, vedteken 18.06.2019, fragmenterer området slik at det ikkje let seg gjere å få eit samanhengande planområde.

*Det er fleire gjeldande reguleringsplanar som grensar til planområdet:*

- Reguleringsplan Aukrasanden, vedteken 19.08.1986 (planid 1547198602).
- Reguleringsplan Aukrasanden, vedteken 07.10.1998 (planid 1547199801).
- Reguleringsplan Aukrasanden – endring 01, vedteken 25.05.2005 (planid 1547200504).
- Reguleringsplan Aukra fergekai, vedteken 31.04.2002 (planid 1547200406).
- Reguleringsplan molo/ambulansesai, vedteken 29.11.2006 (planid 1547200607)
- Reguleringsplan Kjerringsundet, vedteken 18.06.2019 (planid 1547201504)

Ingen av dei tilgrensande reguleringsplanane vert berørt av tiltaket.

### **2.3 Lovverk styrande for planarbeidet**

- Plan- og bygningslova
- Veglova
- Kulturminnelova
- Naturmangfaldlova


### **2.4 Andre dokument av betydning for planarbeidet**

- Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen på Gossen, Aukra kommune (Miljøfaglig utredning, 2019).
- Teknisk norm for kommunale gater og veger, 2021.

## **3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve**

### **3.1 Lokalisering av planområdet**


Planområdet ligg sør-aust på Gossen i Aukra kommune, jf. figur 1:



Figur 1: Planområdet si lokalisering på Gossen, vist med raud, stipla linje.

### 3.2 Avgrensing og storleik

Avgrensing av planområdet er vist i figur 2, den totale storleiken på planområdet er 276 dekar.



Figur 2: Planavgrensing, vist med raud, stipla linje.

### 3.3 Eigedomstilhøve innanfor planområdet

Tabellen i figur 3 viser registrerte heimelshavarar innanfor planområdet. Tiltaka som er tenkt utført som eit resultat av planforslaget (utviding av veg, etablering av snumoglegheit for tyngre køyretøy) ligg innanfor Aukra kommune sin eigedom og vil ikkje direkte berøre andre heimelshavarar.

I samband med oppstart av skjøtselstiltaka vil kommunen som tiltakshavar informere nærmare om dette.

Eigedom (gnr/bnr)	Heimelshavar
1/1	Opplysningsvesenets fond
1/1/44	Bengt Marius Schultz
1/25	Åmund Julnes
1/309	Thor Axel Galdal Julnes
1/299	Aukra kommune
1/257	Sigurd Julnes, Aud Merete Julnes
1/295	Petter Oddvar Sundet
1/150	Møre og Romsdal fylkeskommune
1/6	Håkon Oterhals, Ellinor Oterhals
1/26	Siri Elisabeth Julnes

Figur 3: Registrerte heimelshavarar innanfor planområdet

### 3.4 Dagens arealbruk

Planområdet er i hovudsak avsett til offentleg friområde og turstiar og er eit av kommunens viktigaste og mest populære tur- og rekreasjonsområde. I Aukraskogen er det oppført gapahuk, og det er sett opp informasjonsskilt om skogen og kulturminna som ligg her.

### 3.5 Naturverdiar etter naturmangfaldlova, framande artar

Karttenesta GISLINK, og artsdatanbanken.no er nytta for å undersøke om planområdet inneheld spesielle artar eller naturtyper etter naturmangfaldlova, og fylgjande er registrert:

Arter av forvaltningsmessig interesse

- Bruntelg, *Dryopteris expansa* var. *willeana*. Karplante av stor forvaltningsmessig interesse. Nær truet i norsk rødliste for arter 2021.
- Svartnende kantarell, *Cantharellus melanoxeros*. Sopp av stor forvaltningsmessig interesse. Nær truet i norsk rødliste for arter 2021.
- Båndkorsnebb, *Loxia leucoptera*. Fugl av særlig stor forvaltningsmessig interesse. sårbar i norsk rødliste for arter 2021.
- Rognasal, *Hedlundia hybrida*. Karplante, ansvarsart. Livskraftig i norsk rødliste for arter 2021.
- Kristtorn, *Ilex aquifolium* L. (muntlig tilbakemelding om observasjon). Karplante. Livskraftig i norsk rødliste for arter.



## Framande artar

- Lutzgran, *Picea x lutzii*. Framand art (karplante) i kategorien svært høy risiko i fremmedartslista (Artsdatabanken.no).
- Lerkesopp, *Suillus grevillei*. Framand art (sopp) i kategorien lav risiko i fremmedartslista (Artsdatabanken).
- Dielsmispel, *Cotoneaster dielsianus*. Framand art (karplante) i kategorien svært høy risiko i fremmedartslista (Artsdatabanken).
- Bergfuru, *Pinus mugo uncinata*. Framand art (karplante) i kategorien svært høy risiko og høy risiko i fremmedartslista (Artsdatabanken).
- Europalerk, *Larix decidua*. Framand art (karplante) i kategorien ikke risikovurdert – etablert før 1800 - i fremmedartslista (Artsdatabanken).
- Hvitgran, *Picea glauca*. Framand art (karplante) i kategorien lav risiko i fremmedartslista (Artsdatabanken).
- Edelgran, *Abies alba*. Framand art (karplante) i kategorien ikke risikovurdert – etablert før 1800 - i fremmedartslista (Artsdatabanken).
- Platanlønn, *Acer pseudoplatanus*. Framand art (karplante) i kategorien svært høy risiko i fremmedartslista (Artsdatabanken).
- Det er i tillegg planta ei stor mengde sitkagran, *Picea sitchensis*, som ledd i kommunens leplanting på 1960-talet, dette er ein framand art (karplante) i kategorien svært høy risiko i fremmedartslista (Artsdatabanken).

Det er ikkje registrert naturtypar innanfor planområdet.


Kunnskapskravet i § 8 i naturmangfaldlova er oppfylt ved at ein har nytta tilgjengeleg kunnskap om naturmangfaldet innanfor planområdet gjennom bruk av naturbase og artsdatabanken. Dei øvrege paragrafane kjem ikkje til anvending.

### 3.6 Friluftsliv

Aukraskogen er eit av kommunens viktigaste og mest populære tur- og rekreasjonsområde, og består av eit stort nettverk av turstiar som gjev eit godt utgangspunkt for mange flotte turopplevingar. Mellom anna kan ein gå vidare ti Halingshaughola der det på vinteren vert danna naturleg skøyteis som er svært populær. Det er oppført ein gapahuk, og det er stor parkeringsplass ved kyrkjelydshuset/Aukrahallen.

Aukraskogen er i tillegg avsett til statleg sikra friluftsområde som utgjer eit samla areal på 160 da, jf. figur 5:


Kommunen og interkommunale friluftsråd kan søke Miljødirektoratet om å få sikra friluftsområde. Slik sikring er eit verkemiddel for å ta i vare innbyggjarane sin tilgang og bruk av friluftsområder. I tillegg til sjølve sikringa, har kommunen eller friluftsrådet moglegheit til å søke støtte til tilrettelegging og skjøtsel av området.



Figur 5: Statleg sikra friluftsområde.

### 3.7 Landbruk/jordbruk

Det er eit eksisterande område for jordbruk nord i planområdet og innanfor eigedom 1/26. Arealet er om lag 20 daa, og er angitt som fulldyrka jord i arealressurskart (AR5), jf. figur 6. Området er i privat eige.



Figur 6: utsnitt av arealressurskart (AR), Fulldyrka jord er vist med orange farge.

### 3.8 Forureining

Kommunen er ikkje kjent med at det har vore hendingar med forureining innanfor planområdet.

### 3.9 Kulturminne

#### Automatisk freda kulturminne

Innanfor planområdet er det registrert to automatisk freda kulturminne, eit gravfelt med ID 92189 (Prestegardskogen R4), og ei gravrøys med ID 228592. Begge er datert til bronsealder – jernalder. Gravfeltet er relativt godt synleg og har ein diameter på om lag 30 meter, jf. figur 7. Gravrøysa er ikkje så godt synleg då det vekst tett sitkagranskog rundt, jf. figur 8.



*Figur 7: Bilde som viser gravfeltet med ID 92189.*



*Figur 8: Gravrøys med ID 228592*

Kulturminne frå nyare tid - krigsminne

Innanfor planområdet er det registrert eit krigsminne i form av murrestar og andre spor. Murrestane ligg relativt godt synleg langs stiane lengst sør i planområdet, men det veks mykje sitkagran rundt som vanskeleggjer tilkomst , jf. figur 9:



*Figur 9: Restar av krigsminne.*

#### Kulturminne frå nyare tid – Aukraskogen

Aukraskogen er eit verneverdig kulturminne som fortel om starten på skogplantinga i fylket og Noreg. Aukraskogen vart etablert i 1876 av presten Kaurin som både var teolog og biolog. Kaurin var ein pioner som hadde mykje å seie for at skogplantingssaka fekk eit så godt fotfeste i fylket, og at Aukraskogen såleis representerer ein viktig del av skogbruket si historie i fylket. I fylgje bygdebok for Aukra vart det planta til saman 26 300 bar- og lauvtreplanter (buskfuru, norsk furu, kvitgran, ask, alm, lerk, austerrisk furu) mellom 1876 – 1879. Mot Tangen vart det planta bøk, og feltet er i dag omtalt som bøkeskogen på Gossen. Sitkagrana er ikkje ein del av den fyrste plantinga, men er planta som ein del av den leplantinga som vart gjort frå 60-talet og utover.

Det er frå nokre hald hevda at Aukraskogen er eit arboret. I skogselskapets jubileumbok og bygdebok for Aukra er Aukraskogen omtalt som eit plantefelt og ikkje som eit arboret. Når ein ser på storleiken av arealet og talet på tre som er planta, er det nærliggande å tenke at dette fyrst og fremst var eit plantefelt. Men sidan skogen høyrer til prestegarden og ikkje ligg langt frå kyrkja, kan det tenkast at delar av skogen var tilrettelagt med tanke på formidling og rekreasjon, og ikkje berre forskning.

### **3.10 Barn og unge sine interesser**

Barn og unge sine interesser er godt ivaretekne innanfor planområdet. Stiane er godt tilrettelagte for ferdsel både for gåande og syklende, og sikrer trygg tilkomst til kommunen sine viktigaste og mest populære friluftsområde.

### **3.11 Universell utforming**

Store delar av stiane i Aukraskogen er av ein kvalitet som gjer at dei kan nyttast av alle, medan andre ikkje er det, typisk i samband med at krav til stigningstilhøve ikkje er oppfylt enkelte stader eller at dei på enkelte stader er noko smale.

### **3.12 Trafikktilhøve**

Hovedtilkomstvegen innanfor planområdet er Skogvegen som er ein kommunal veg med fartsgrense mellom 30 – 50 km/t. Trafikkmengd/ÅDT er ikkje kjent.


Skogvegen vert i tillegg til personbiltrafikk nytta av renovasjonskøyretøy og bussar. Tømmerbilen som skal kjøre langs Skogvegen i samband med henting av tømmer, må tilpassast vegen med tanke på storleik og vekt. Uttaket av tømmer blir av eit relativt begrensa omfang, slik at trafikkauka blir minimal. Skogvegen er i Statens vegvesen si kartteneste «vegkart» gitt bruksklasse «Tømmertransport» (BK10 – 50 tonn), maks vogntoglengde 19,5 meter.

### **3.13 Kollektivtrafikk**

Det går buss langs den kommunale Skogvegen som stopper langs vegen ved behov. Nærmaste busstopp ligg langs fylkesveg 530 lengst nord i planområdet.

### **3.14 Grunntilhøve (berggrunn, lausmasser, avklaringar knytt til kvikkleire)**

Berggrunnskart N50 viser at berggrunnen i planområdet består av åregneis, jf figur 10. Gneis er ein av dei vanlegaste bergartane våre, og er omdanna frå ein eller fleire andre bergartar, etter å ha vore utsett for stort trykk og varme.



*Figur 10: Utsnitt av berggrunnskart N50 (NGU), bergarten åregneis er vist med rosa farge.*

Lausmassekart viser at lausmassene i planområdet består av «marin strandavsetning, sammenhengende dekke», «breelvavsetning» og «randmorene», jf. figur 11. Planområdet ligg under marin grense og kan potensielt innhalde kvikkleire.





Figur 11: Utsnitt av lausmasekart. Marin strandavsetning er vist med blå farge, breelavsetning med orange farge og randmorene med grøn farge.

### 3.15 Risiko og sårbarheit

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit i samsvar med plan og bygningslova § 4-3. Det blir her vist til utfylt sjekklister frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Kartenesta GISLINK er nytta for å kartlegge potensielle naturfarer innanfor planområdet.

## 4 Omtale av planforslaget

### 4.1 Planlagt arealbruk

Opprusting av eksisterande tilkomstveg gjennom planområdet med større breidde og snumoglegheiter for tyngre køyretøy, hensikta er at vegen skal verte tilstrekkeleg dimensjonert for tømmerbil i samband med planlagte skjøtselstiltak innanfor området.

Etablering av lunneplassar der det vert sett på som hensiktmessig.

### 4.2 Reguleringsføremål

*Reguleringsplanen viser følgjande reguleringsføremål etter plan- og bygningslova kapittel 12:*

Bebyggelse og anlegg

- Boligbebyggelse – frittliggende småhusbebyggelse (BF) - omfattar eksisterande bustad.
- Annen særskilt bebyggelse og anlegg (ASB) – omfattar eksisterande gapahuk.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg (KV) – omfattar eksisterande køyreveg og tidlegare turveg.
- Parkering (P) – omfattar eksisterande parkeringsplass.

Grønnstruktur

- Turveg (TV) – omfattar eksisterande turvegnett i Aukraskogen.
- Offentleg friområde (O\_FRI 1-24) – omfattar offentleg og statleg sikra friluftsområde.

Landbruks-, natur- og friluftsføremål

- Jordbruk (J) – omfattar eksisterande jordbruksareal.

Omsynsoner

- Faresone høyspentanlegg (H370) – omfattar eksisterande høgspenlinje i luft.
- Bevaring naturmiljø (H560) – omfattar natur- og kulturhistoriske verdiar.
- Bandlegging etter lov om kulturminner (H730) – omfattar to automatisk freda kulturminne.
- Bevaring kulturmiljø (H570) – omfattar krigsminne og vernesone rundt to automatisk freda kulturminne.

## 5 Konsekvensar av planforslaget

### 5.1 Behov for eventuell konsekvensutgreiing (KU)

Kommunen sin sakshandsamar har undersøkt § 6, 7, 8 og 10 i forskrift om konsekvensutredningar, men finn ikkje at det vert løyst ut slikt krav.

### 5.2 Naturverdiar etter naturmangfaldlova

Artar av forvaltningsmessig interesse

Artar av forvaltningsmessig interesse vert tekne i vare gjennom bruk av omsynssone for naturmiljø med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene punkt 3.9.

Framande artar

Det er tatt inn ein tekst i reguleringsføresegnene punkt 3.9 som seier at det skal takast særleg omsyn slik at framande planteartar ikkje står i fare for å bli spreidd. Dette inkluderer tiltak som sikker deponering av utteken masse, samt vasking av reiskap og maskiner for å unngå spreiding av slike artar.

### **5.3 Friluftsliv**

Offentlege friområde og statleg sikra friluftsområde vert teke i vare gjennom bruk av arealføremålet «friområde» med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene punkt 3.6.

### **5.4 Landbruk/jordbruk**

Jordbruksareal vert teke i vare gjennom bruk av arealføremålet «jordbruk» med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene punkt 3.7.

### **5.5 Kulturminne**

Automatisk freda kulturminne

Automatisk freda kulturminne med ID 92189 (gravfelt) og ID 228592 (gravrøys) vert tekne i vare gjennom bruk av omsynssone H730 – bandlegging etter lov om kulturminner med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene punkt 3.10.

Møre og Romsdal fylkeskommune har stilt som krav at sitkagran som veks i gravrøysa må hoggast så langt ned som mogleg, men utan å fjerne røtene, då dette kan medføre skade på kulturminnet. Det må samstundes fjernast sitkagran i forkant av gravfeltet slik at ein får tilbake utsynet mot sjøen. Dette arbeidet kan truleg gjerast i samband med øvrege skjøtselstiltak i området, og må avklarast med kulturavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune.

Nyare tids kulturminne – krigsminne

Krigsminnet vert teke i vare gjennom bruk av omsynssone H570 – bevaring av kulturmiljø med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene punkt 3.11. Tre og annan vegetasjon som veks for tett på og som skadar krigsminnet kan fjernast og skjøttast i samråd med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Nyare tids kulturminne – Aukraskogen

Aukraskogen vert teken i vare gjennom bruk av arealføremålet «friområde» med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene punkt 3.6, samt bruk av omsynssone H560 med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene punkt 3.9.

Aukraskogen er vernskog, det vil sei skog som vert planta for å verne annen skog eller som vern mot naturskader. Områder opp mot fjellet eller ut mot havet, der skogen er sårbar og kan bli øydelagt ved feil skogbehandling vert og rekna som vernskog. Vernskog må ikkje forvaklast med skogvern eller områdevern, der skog vert verna med omsyn til naturmangfald. Reglane om vernskog vert gitt av Statsforvaltaren med heimel i skogbrukloven. For hogst i vernskog gjeld regionale og lokale reglar om meldeplikt.

Det er planlagt oppstart av skjøtselstiltak utover 2023, der målet er å fjerne ein del sitkagran, tynne ut andre treslag, samt nyplante med stadeigne treslag der dette er aktuelt. Sjølv om fleire av dei utplanta treslaga i Aukraskogen er å sjå på som framande artar er dei med på å gi skogen sitt særeigne preg, det vert derfor presisert at skjøtselstiltaka ikkje skal fjerne desse treslaga, men kun tynne dei ut slik at dei kulturhistoriske verdiane fortsatt vert tekne i vare. Hogst og uttynning av skogen skal gjerast av firma med spesialkompetanse innanfor dette feltet.

### 5.6 Universell utforming

Opprusting av turstiane i Aukraskogen slik at dei blir i henhold til krava som gjeld for universell utforming i dag vil vere kostbart og lite realistisk gjennomførbart, og er heller ikkje noko kommunen har med i budsjettet sitt. Kommunen mottok i 2022 ei løyving på 55 000 kroner til skjøtselstiltak i statleg sikra friluftsområde som vart nytta til vedlikehald langs turstiane for å gjere dei opnare og meir tilgjengelege. I samband med seinare skjøtselstiltak langs turstiane vil kommunen sjå på moglegheitene for ulike tiltak som til dømes å gjere stiane breidare enkelte stader, etablere møteplassar etc.

### 5.7 Grunntilhøve

Kommunen har henta inn firma med kompetanse innan vurdering av grunnforhold til å undersøke nokre område i kommunen det det potensielt kan være fare for ustabile grunnforhold, kvikkleire m.m. Kommunen har fått munnleg bekrefting på at det ikkje er behov for ytterlegare grunnundersøkingar i Aukraskogen.

## 6 Planprosessen

### 6.1 Oversikt over planprosessen

Melding om oppstart av planarbeidet	08.07.2022
Merknadsfrist etter melding om oppstart	25.08.2022
Vedtak om utlegging til 1. høyring og offentlege ettersyn	12.10.2022
1. Høyring og offentlig ettersyn i perioda	17.10.2022 – 01.12.2022
Vedtak om utlegging til 2. høyring og offentlege ettersyn	
2. Høyring og offentlig ettersyn i perioda	
Vedtak i kommunestyret	
Klagefrist etter endelig vedtak	

### 6.2 Melding om oppstart

Det kom inn totalt seks merknader etter melding om oppstart, oppsummering og kommentar av disse ligg som vedlegg under punkt 7.2.

### 6.3 Fyrste gongs høyring og offentlege ettersyn

Det kom inn totalt ni merknader etter 1. høyring og offentlig ettersyn, inkludert motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune knytt til manglande planomtale.

Grunna motsegna til planforslaget frå Møre og Romsdal fylkeskommune som må avklarast, samt behov for omfattande endringar i plankart og føresegner basert på innkomne merknader elles, vurderte kommunen at det var naudsynt å legge planforslaget ut til andre

2. høyring og offentleg ettersyn

## **7 Vedlegg**

7.1 Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)

7.2 Oppsummering og kommentar av merknader etter melding om oppstart